



NJFF SOGN OG FJORDANE

Referat styremøte i NJFF - Sogn og Fjordane

Stad: Cirkle K, Skei

Tid: Mandag 10. februar 2020, kl. 18.00

Desse møtte: A. Røyrvik, G. Haukaas, W.J.Henden, I.L. Sunde, .T. Eimhjellen, R. Seim

På skype: V. Moen, H. Haugholt

Ikkje møtt: Dag Ståle Leivdal

Sakliste:

10/20 **Godkjenning av ref. frå siste styremøte** - Alf

Vedtak: *Referat godkjent.*

11/20 **Referatsaker** - styret

Maria:

1. febr. Skei. Fagdag Ettersøk

Geir:

14. jan, Førde. «Mitt lag»

Bjarne:

14. jan, Førde. «Mitt lag»

15. jan, Førde. «Mitt lag»

Wenche:

13. januar, skype. Møte i jenteutvalet

Reidun:

7. jan, Fjaler. Temakveld ulv

8. jan, skype. Planleggingsmøte Gaularfjellprøven

9. jan, skype. Fylkessekretærmøte med admin

14. jan, Førde. «Mitt lag»

15. jan, Førde. «Mitt lag»

23. jan, skype. Fylkessekretærmøte med admin

24. jan, Florø. Budsjettmøte

1. febr. Skei. Fagdag Ettersøk



Alf Erik:

7. jan, Dale, Temakveld ulv
14. jan, Gardermoen, Forbundsstyremøte
14. jan, Gardermoen, oppstartmøte felles fiskeutval for "kysten"
15. jan, Førde, Mitt lag
20. jan, Skypemøte med Urbaniseringsutvalet
21. jan, Skei, FNF SF - styremøte
1. feb, Skei, Fagdag ettersøk
januar, Firdaposten. Samanslåing / ikkje samanslåing NJFF Sogn og Fjordane – Hordaland

Ingunn:

14. jan, Førde. «Mitt lag»
24. jan, Florø. Budsjettmøte

12/20 Økonomi, rekneskap og budsjett

Resultat rekneskap: ca 198.000 i underskot, det var budsjettert med ca 41.000 i underskot. Underskotet gjeld i det vesentlege tilskot frå fylkeskommunen vi ikkje fekk utbetalt i 2019, men som då kjem i 2020.
Budsjettet: er nesten ferdig, må jobbast litt meir med.

Vedtak: *Budsjett vert justert og sendt styret for godkjenning på e-post.*

13/20 Årsrapport

Styret gjekk gjennom utkast til årsrapport.

Vedtak: *Styret går nøyare gjennom årsrapporten og gir tilbakemelding på e-post innan 20. februar.*

14/20 Årsmøtedokument

Styret gjekk gjennom utkast til årsmøte

Vedtak:

Fylkesstyret foreslår to saker til årsmøte; vedtektsendring § 7 for å frigjere 2. vara frå fagområdet hund og ta vekk ordet «fylke» ein plass, og samarbeid med Hordaland.

15/20 Planleggingsmøte

Obligatorisk planleggingsmøte måndag 9. november kl 18 - 22. Fylkessekretær og kasserar bistår

Vedtak: *Planleggingsmøte måndag 9. november, for å planlegge og budsjettere 2021.*

16/20 Fotokonkurranse



Vedtak: NJFF Sogn og Fjordane set opp fotokonkurranse i 3 kategoriar: jakt, fiske og friluftsliv. Bileta skal vere tatt i Sogn og Fjordane. Bileta skal fritt kunne nyttast av fylkeslaget. Premiar: kr. 5.000 x 3 i 1.premie, kr. 2.000 x 3 som 2. premie, totalt kr 21.000.

17/20 Justere avtale kontorleige, lagringsplass

Fylkeslaget betalar kr 30.000 i dag for leige av kontor, arkivrom, lagerplass til utstyr. Leiga har blitt justert 1 gong på 25 år, og behov for plass har auka.

Vedtak: Leige for kontor, arkivrom, lagringsplass for utstyr og henger vert auka til 50.000 og avtale vert sett opp.

18/20 Kvalitetsnorm villrein

Vedtak: Fylkesstyret avventar NJFF si uttale og lagar høyringsuttale på e-post.

19/20 Samarbeid med NJFF Hordaland

- Alf

Alf Erik har justert forslaget som vart lagt fram for styret sist møte.

Vedtak: Forslaget vert tatt opp som årsmøtesak.

20/20 Aktivitetar framover

- Trofemåledag 6. febr. Vidar
- Kurs fellefangst 8. febr. Brede
- Havfisketur for damer 7-8. februar. Wenche. Utsett til 13-14. mars
- Temakveld og jakt: åtejakt rev 14. februar. Torger
- Klubbmeisterskap fuglehundar 15. febr. Bertil
- Oppdateringskurs aversjon 4. mars. Reidun
- Gaularfjellprøven 5-8. mars. Bertil
- Oppdateringskurs ettersøk 11. mars. Rudi

21/20 Ymse

Alf: skal vere med på 2 tilsetjingsmøter i FNF neste veke.

Viltseminar: Ingunn, Torger, Alf.

Årsmøte: Båt frå Florø: Alf, Geir, Torger. Båt frå Måløy: Wenche. Ingunn og Reidun reiser kanskje dagen før. Henning reiser sjølv frå Stavanger, Vidar køyrer. FI og utvalsleiarar vert invitert til å delta.

Hjortejakt og elgjakt, samarbeid med Hedmark

Møtet slutt kl 22.00

Reidun Solberg Seim

Referent

